

# 08

Årsmelding 2008



## Om Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd er eit nasjonalt forskingsstrategisk og forskingsfinansierande organ. Forskingsrådet er den viktigaste forskingspolitiske rådgivaren for Regjeringa, departementa og andre sentrale institusjonar og miljø med tilknytning til forskning og utvikling (FoU). Vidare arbeider Forskingsrådet for eit løft både når det gjeld økonomi og kvalitet i norsk FoU og for å fremje innovasjon, i samspel mellom forskingsmiljøa, næringslivet og den offentlege

forvaltninga. Forskingsrådet skal identifisere behov for forskning og foreslå prioriteringar. Gjennom målretta finansieringsordningar skal Rådet medverke til å setje i verk nasjonale forskingspolitiske vedtak. Andre viktige oppgåver er å fungere som møteplass mellom forskarar, brukarar av forskning og dei som finansierer forskning, og å medverke til internasjonalisering av norsk forskning.

## Innhold

Føreord, side 3
Melding frå Hovudstyret 2008, side 5
Nokre nøkkeltal, side 13
Resultatrekneskap, side 14
Balanse, side 15
Kontantstraumoppstilling, side 17
Utdrag frå notar til resultat- rekneskapen og balansen, side 18
Leiing, side 22
Forskingsrådets hovudstyre og divisjonsstyrer, side 23

## Føreord: Kampen om dagsorden



Eva Brænd

Den forskingspolitiske debatten er blitt skarpere. Men debatten har gått mest på om det blir satsa mykje eller lite i norsk forskning. Også stortingsdebatten om den nye forskingsmeldinga som vart lagt fram i vår, gjekk mest av alt om dette. Spørsmålet er viktig, men det avgrensar debatten for mykje. Vi treng ein breiare debatt som vil auke merksemda om forskingspolitikken og gi oss eit skarpere blikk for korleis det bør satsast.

Forskringsmeldinga hadde framlegg på mange viktige område, og på dei fleste er ikkje siste ordet sagt. Vi treng debatt om korleis vi skal mestre internasjonaliseringa som blir sterkare for kvart år. Vi treng debatt om kva som er gode prioriteringar i forskingspolitikken og om korleis prioriteringane skal følgjast opp? Vi treng også debatt om korleis skal ein dimensjonere storleiken på åpne konkurransearenaer utan tematiske føringar? Og ikkje minst treng vi debatt om korleis forskning og utvikling kan stimulere til mest mogleg nyskaping i næringsliv og offentlig sektor. I Forskningsrådet arbeider vi aktivt med alle desse spørsmåla, gjennom styrene våre og i dialog med forskingsaktørane.

Internasjonaliseringa krev stadig meir av oss i Forskningsrådet og endå meir av næringslivet, institusjonane og forskingsgruppene. Måten vi bygger det norske forskingssystemet, er avgjerande for om vi meistrer utfordringane, og først i linja står kampen om næringslivet skal satse i Norge eller i andre land. Kvaliteten på norske forskingsmiljø og den infrastruktur som står til disposisjon, er ein avgjerande faktor.

Korleis vi satsar i norsk forskning, er også avgjerande. Forskningsrådet er i ferd med å utvikle betre grep på oppfølging av prioriterte område. Vi har betre kunnskap om heilskapen i satsinga på tvers av ulike støtteordningar, og vi er dristigare i viljen til å "strukturere" det nasjonale landskapet slik at vi utviklar meir samarbeid og auka kritisk masse i miljø. Nye sentre er døme på dette.

Regjeringa la også fram ei innovasjonsmelding siste året. Meldinga gir eit viktig utsyn over landskapet og reiser ei lang rekke spørsmål. Korleis skal vi få mest mogleg innovasjon ut av satsingane våre, og kva skal til for å halde dei mest innovative verksemdene i Norge. I tillegg er vi opptatt av å legge enda betre til rette for kommersialisering og auke innsatsen for innovasjon i tenesteyting.

Ei anna gruppe problemstillingar vil også følge oss i åra framover; korleis kan universiteta og høgskolane våre styrkast gjennom meir ressursar og autonomi, og gjennom bedre styringsevne. Universitetene har alltid vore nøkkelinstitusjonar for kunnskapsutvikling. Også i moderne kunnskapsfunn står dei heilt sentralt, men dei må spele saman med ei rad andre institusjonar nasjonalt og internasjonalt.

Med andre ord er det nok stoff for ein rik forskingspolitisk debatt. La oss tørre å ta den og la oss håpe at den vil nå ut over dei forskingspolitiske kjernetroppene og engasjere breiare grupper. Dette kan vi påverke gjennom måten vi tar debatten på. Vi må vise at det dreier seg om spørsmål som er viktige for heile samfunnet og ikkje berre for eigne vilkår og arbeidssituasjon.



**Arvid Hallén**  
Administrerende direktør





# Melding frå Hovudstyret 2008

Det er utarbeidd ein ny strategi for Forskringsrådet. Den tek utgangspunkt i at forskning, utvikling og innovasjon vil spele ei stadig viktigare rolle framover.

## Globale utfordringar må møtast med kunnskap

I 2008 vart verda råka av den verste økonomiske krisa sidan 30-talet. Samtidig kom klimautfordringane enda tydelegare på den internasjonale dagsordenen. Det er brei semje om at dette er store samfunnsutfordringar som krev ny kunnskap. Stortingets klimaforlik sikra ein bra vekst til forskning og utvikling (FoU) på feltet miljøvennleg energi. At tiltakspakka frå regjeringa var retta mot kompetanseutvikling og forskning som grunnlag for auka økonomisk aktivitet, var også eit viktig signal.

Det er perspektivet til hovudstyret at forskning, utvikling og innovasjon vil spele ei stadig viktigare rolle for samfunns- og næringsutvikling og for Noreg som kulturnasjon i ei verd som stadig blir knytt tettare saman. Dette var utgangspunktet for styret sitt arbeid med ny overordna strategi for Forskringsrådet.

### I front for forskinga

Strategien er kalla "*I front for forskinga*". Den gjeld for 2009–12 og er konsentrert om fire utfordringar:

- **Kapasitets- og kvalitetsutfordringa:** Forskringsinnsatsen må auke og forskingskvaliteten må bli betre. Det er føresetnaden for at forskning, samfunn og næringsliv skal kunne vidareutviklast og konkurrere i ei meir globalisert verd.
- **Samfunnsutfordringa:** Forskinga må i større grad innrettast mot spesifikke utfordringar i samfunn og næringsliv. Det gjeld særleg velferds- og næringsutvikling og dei globale klima- og energiutfordringane.
- **Strukturutfordringa:** Føresetnaden for at vi kan utnytte dei samla FoU-ressursane på ein best mogleg måte, er at strukturen, samyrket og den internasjonale deltakinga innan forskingssystemet blir vidareutvikla til eit enda høgare nivå.
- **Læringsutfordringa:** Når forskinga si rolle blir viktigare, aukar samtidig verdien av at kunnskap blir delt og at resultatane kjem til nytte i samfunn, næringsliv og forvaltning. Forsking må gi læring som styrkjer kunnskapskulturen i samfunnet.

På desse områda vil Forskringsrådet styrkje innsatsen innanfor grunnforskning, internasjonalisering og næringsretta forskning og innovasjon. I arbeidet med strategien er det innhenta synspunkt frå heile forskingssektoren. Handlingspunkta er å oppfatte både som råd til styresmakter og forskingsaktørar, og som rettesnor for Forskringsrådets eiga verksemd.

### Store utfordringar for norsk forskning

Lågkonjunktoren vil seie svakare FoU-investeringar i næringslivet, mens norsk næringsliv i eit langsiktig perspektiv må auke innsatsen. Gjennom offentlege tiltak kan krisa utnyttast slik at ein held oppe ein stor FoU-innsats og utnyttar høva til kompetanseutvikling. Satsinga på prioriterte tema og teknologiar må styrkjast. Det same må norsk grunnforskning meir generelt. Internasjonaliseringa må forsterkast. Veksten dei siste åra har lagt eit grunnlag for auka rekruttering, og det er potensial for vidare vekst i fagmiljøa. Det er store behov for investeringar i vitskapleg utstyr.

På mange område har vi gode fagmiljø som utfører forskning med stor relevans for næringsliv og offentlig sektor. Fleire er i fremste linje internasjonalt. Talet på publikasjonar i kjende *peer review*-tidsskrift er gått kraftig opp dei siste åra, og er komne på nivå med nordiske kollegaer.

Dei offentlege tilskota til FoU aukar og veksttakten er no høgast i Norden. Budsjettet for 2008 gav ein realvekst på vel tre prosent. Men framleis ligg Noreg langt etter både Sverige og Finland i totalinnsats, og Noregs totale FoU-utgifter som del av verdiskapinga er lågare enn EU-gjennomsnittet (1,7 mot 1,8 prosent). Mykje kjem av næringsstrukturen, men vi veit at på sikt må næringslivet bli meir kunnskapsintensivt, noko også OECD har tilrådd i sin rapport om det norske innovasjonssystemet. Det vil krevje auka forskingsinnsats i og for næringslivet. Derfor er det verdt å merke seg at norske bedrifter aukar sin FoU-innsats med heile 11 prosent i 2007.

Det vart i 2008 sett ny rekord i doktorgradsutdanninga med 1244 disputasar, ein auke på 21 prosent frå 2007. Forskringsrådet finansierte 1490 stipendiat- og 840 postdoktorårsverk i 2008. Samtidig inngjekk Rådet langsiktige kontraktar om fem nasjonale forskarskolar, med ei samla ramme på 115 millionar kroner.

Internasjonaliseringa av norsk forskning er kommen langt. I 2008 har FoU-samarbeidet mellom land og internasjonale organisasjonar fått auka kraft. Det blir fleire samarbeidsplattformer for internasjonale og nasjonale aktørar. Dei multinasjonale organisasjonane får ei meir koordinerande og utløysande rolle, og det skjer ei sterkare tematisk kopling til industrielle og samfunnsmessige behov. FoU-miljøa søkjer nye samarbeidsstrukturar og internasjonalt eigarskap.



Utviklinga av det felleseuropeiske forskingsområdet (ERA) representerer den sterkaste drivkrafta i Noregs internasjonale forskingssamarbeid.


Etter dei to første åra av EUs 7. rammeprogram for forskning (2007–13) held Noreg fram den positive tendensen frå 6. rammeprogram. Det er god oppslutnad om dei fleste programområda. Aukande deltaking er også ein indikasjon på kvalitet i norsk forskning. Det er framleis ei utfordring å mobilisere næringslivet til deltaking i rammeprogrammet. Det er derfor gledeleg at norske bedrifter nyleg har fått godt gjennomslag i Eurostar-programmet.

## Brei forskingspolitisk rådgiving

Ei av dei viktigaste rollene til Forskringsrådet er å gi forskingspolitiske råd til sentrale styresmakter. Det skjer både i form av innspel til Regjeringa sitt arbeid med ulike stortingsmeldingar og gjennom eigne utgreiingar og forslag. Ikkje minst gir dei årlege budsjettforslaga sentrale forskingspolitiske vurderingar. I 2008 har Forskringsrådet gitt innspel til stortingsmeldingar om høvesvis innovasjons- og forskingspolitikken. Elles er det særleg energi- og klimaforskinga som har stått sentralt på dagsordenen, og Rådet har medverka til oppfølginga av Stortingets klimaforlik.

### Behov for ei offensiv forskingsmelding

Forskringsrådets nye strategi utgjorde grunnlaget for det skriftlege innspelet til Rådet til arbeidet med ny stortingsmelding om forskning. Verdien av vidare opptrapping av forskingsinnsatsen vart sterkt understreka. Forskringsrådet har mellom anna foreslått at meldinga bør halde fast på éinprosentmålet for offentleg FoU-innsats og setje ei konkret tidsramme. Hovudinnsatsområda frå den førre forskingsmeldinga er foreslått vidareført, saman med eit nytt innsatsområde kalla *kulturelle føresetnader for samfunnsutviklinga*. Forskringsrådet har tilrådd at forskingsmeldinga tek for seg rollefordelinga i det forskingspolitiske systemet, og at ein unngår



for detaljerte føringar. Særleg viktige utfordringar er knytt til rekruttering og forskingsinfrastruktur, samt betre vilkår for grunnforskninga. Verdien av eit føreseieleleg og langsiktig budsjettregime vart også understreka.

### Innspel til ny innovasjonsmelding

Nærings- og handelsdepartementet er ein hovudaktør i innovasjonspolitikken. Departementet la i desember 2008 fram meldinga "Eit nyskapande og berekraftig Noreg" med ein brei gjennomgang av innovasjonspolitikken. Forskringsrådet utarbeidde eit breitt utforma forskingspolitisk innspel til arbeidet, utarbeidde ei rekke arbeidsnotat og underlag og tok del i fleire arbeidsgrupper.

### Evaluering av SkatteFUNN

På oppdrag frå Finansdepartementet fekk Forskringsrådet evaluert SkatteFUNN-ordninga. Statistisk sentralbyrå var ansvarleg for, og utførte det meste av, evalueringsarbeidet. Evalueringa stadfesta at ordninga har fungert slik ho skulle. Kvar krone som det offentlege investerer i SkatteFUNN, utløyser mellom 1,3 og 2,9 kroner i næringslivet. Dette er i internasjonal samanheng rekna som svært bra. Forskringsrådets erfaring er at SkatteFUNN er eit viktig supplement til andre verkemiddel. Ordninga har mobilisert verksemder som i avgrensa grad har drive forskning tidlegare, særleg små og mellomstore bedrifter. Forskringsrådet har på grunnlag av evalueringa foreslått at ordninga blir vidareført som ei skattefrådragsordning, som skal forvaltast i samarbeid mellom Forskringsrådet, Innovasjon Norge og Skatteetaten.

### Ny strategi for infrastruktur

Forskringsrådet har lenge sett etterskotet i utstyrsinvesteringar som ei hovudutfordring. Det var derfor svært viktig at Forskringsrådet kunne leggje fram ein nasjonal strategi for forskingsinfrastruktur (2008–17) i februar. Strategien byggjer på breie konsultasjonar og peiker på eit finansieringsbehov på 800 millionar kroner per år. Det blir lagt opp til at Forskringsrådet tek ansvar for infrastruktur av nasjonal karakter mens institusjonane sjølve finansierer basisutstyr. Da Regjeringa i



statsbudsjettet la til rette for ei langsiktig fondsfinansiering av infrastruktur, kunne Rådet etablere ei ny finansieringsordning med første utlysing i januar 2009. Målet for ordninga er å etablere ein forskingsinfrastruktur som gjer Noreg i stand til å komme kunnskapsutfordringane og behovet for effektivitet og kvalitet i forskinga i møte. I tillegg må ein stette behova til næringslivet og forvaltninga.

### Rettspolitikk

Handtering av intellektuelle rettar blir eit stadig viktigare område, og Hovudstyret vedtok i april 2008 reviderte prinsipp for rettspolitikken til Forskingsrådet. Arbeidet starta i 2007 i samspel med departement, organisasjonar, bedrifter og FoU-institusjonar. Formålet er å medverke til at bruken av forskingsmidla kjem samfunnet til nytte gjennom kommersialisering, publisering og vidare forskning. Prinsippa blir nedfelte i Forskingsrådets generelle kontraktsvilkår med verknad frå 2009.

### Budsjettforslag med vekst på 1,65 milliardar

Dei fire innsatsområda i den nye strategien vart følgde opp i Forskingsrådets budsjettforslag for 2010, med forslag om styrking av brukarstyrt forskning og innovasjon, grunnforskning og særleg temaområdet Energi og miljø. Det vart foreslått ein vekst på 1,65 milliardar kroner, og ein auke av kapitalen i Forskingsfondet på 11 milliardar kroner.

Vekstforslaget har fire hovudprioriteringar: *opne konkurransearenaer* for næringsliv og forskarar, *energi, miljø og klima*, *avansert vitenskapleg utstyr og forskingsinfrastruktur*, og særskilde *rekrutteringstiltak*. Forslaget omfattar også sterk satsing på internasjonalisering, basistilskot til instituttsektoren og dei andre tema og teknologiområda. Ein foreslår også monaleg vekst for nordområdesatsinga i 2010.

### Lågkonjunktur gir utveggar for ny kompetanse

Forskingsrådet har tilrådd at ein møter den økonomiske krisa med eit klart kunnskapsperspektiv. Rådet leverte i desember 2008 innspel til Regjeringas tiltakspakke for auka sysselsetjing. Det vart foreslått ei meir attraktiv ordning for nærings-PhD, auke av mengd stipend, særleg innanfor MNT-faga, auka tilskot til brukarstyrt forskning, styrkt basistilskot til dei næringsretta institutta, utvikling av eit demonstrasjonsprogram for fornybar energi offshore, auka tilskot til programma Petromaks og DEMO2000 og forsering av investeringar i infrastruktur. Hovudstyret er glad for at mange av Forskingsrådets forslag er følgde opp i tiltakspakka.

### Regionale forskingsfond blir etablert

Regjeringa vedtok i 2007 at det skulle etablerast regionale forskingsfond, og Forskingsrådet vart gitt i oppgåve å utgreie korleis dei burde organiserast. Forslaget var tema for ein større høyringskonferanse i januar 2008. Etter ei høyringsrunde foreslo regjeringa i budsjettet for 2009 å opprette 5–7 regionale forskingsfond i samsvar med Forskingsrådets tilrådingar, med ein samla fondskapital på seks milliardar kroner. Målet er å styrkje innovasjon og utvikling og medverke til kompetansebygging innanfor dei prioriterte satsingsområda i regionen. Fondsutbytet blir stilt til disposisjon frå 2010. Forskingsrådet og fylkeskommunane vart saman gitt i oppdrag å greie ut den vidare utforminga av fonda. Arbeidet skal ferdigstillast innan juni 2009.

### Policy for forskning ved høgskolane

Det er utarbeidd eit eige rammeverk for FoU-arbeid ved dei statlege høgskolane for perioden 2008–12, med vekt på korleis Forskingsrådet kan medverke til å styrkje forskingskompetansen i sektoren. FoU-aktivitetane skal støtte dei breie samfunnsoppdraga høgskolane har innanfor undervisning, forskning og regionalt utviklingsarbeid. Dokumentet er utvikla i dialog med Universitets- og høgskolerådets styre og forskingsutval.

### Nasjonal strategi for humanistisk forskning

Forskingsrådet ferdigbehandla våren 2008 ein nasjonal strategi for humanistisk forskning. Den slår fast at norsk humanistisk forskning er prega av høg kvalitet og stor aktivitet. Samtidig er det ei utfordring å synleggjere kva det har å seie for samfunnet. For forskingsmiljøa er den største utfordringa knytt til fragmentering. Forskingsrådet rår til at ein satsar på ulike samarbeids- og nettverkstiltak for å styrkje kvaliteten og relevansen i humanistisk forskning.

### Stjernø-utvalet om strukturen i høgare utdanning

For å styrkje kvaliteten på høgare utdanning i Noreg foreslo Stjernø-utvalet å samle all høgare utdanning i 8–10 store universitet. Forskingsrådet deler uroa til utvalet om konsekvensane av fragmentering av doktorgradsutdanninga, men støttar ikkje forslaget om pålagd samanslåing til store einingar med spreidd geografisk lokalisering. Konsentrasjon og samarbeid innanfor og mellom institusjonar, oppnådd gjennom sterkare fagleg og strategisk leiing og gjennom konkurranse om forskingsmidlar, er ein betre vei å gå.

### Ny finansieringsordning for institutta

Forskingsrådet har hatt ei viktig rolle i utviklinga av eit nytt samla basisfinansieringssystem for instituttsektoren, som vart lagt fram i statsbudsjettet for 2009. Nye retningslinjer for statleg basisfinansiering av forskingsinstitutt vart fastlagde i desember, og Rådet vil ha eit tydelegare strategisk ansvar for sektoren.

### **Forskningsrådet tek aktivt del i samfunnsdialogen**

Forskningsrådet har arbeidd aktivt overfor dei politiske miljøa og allmugen for å styrkje innsikta i kva rolle og verdi forskinga har. Internt arbeider Forskningsrådet med å styrkje si eiga evne til forskings- og innovasjonspolitisk analyse, og utetter har Forskningsrådet vore i kontinuerleg dialog med departement, Stortinget, interesseorganisasjonar og andre om forskings- og innovasjonspolitiske spørsmål.

Aktivitetar som Nysgjerrigper, Forskningsdagane og nettstaden *forskning.no* har medverka til å styrkje interessa for forskning i befolkninga, ikkje minst blant dei unge. Også i dei politiske miljøa og i den offentlege debatten har det vore auka merksemd om forskning. Forskningsrådet vil framleis arbeide aktivt for å styrkje dialog og forståing mellom forskingsmiljøa på den eine sida og politikarar, media og publikum på den andre.

### **Forskningsrådet tek strukturerande grep**

Forskningsrådet tek imot midlar frå 16 departement, og har ansvar for forskning innanfor alle fag- og temaområde. Om lag ein tredel av alle offentlege forskingskroner blir formidla gjennom Rådet. Gjennom strategiar, budsjettforslag, programplanlegging og nettverk blir det gjort eit stort arbeid for å utvikle sektorovergripande samordning av forskingsinnsatsen. I 2008 har Forskningsrådet f.eks. teke del i eit vellykka arbeid for å samordne FoU-oppfølginga av Klimaforliket. Forskningsrådet er avhengig av nok midlar utan detaljerte og sektoravgrensa føringar, f.eks. gjennom Forskningsfondet, for å kunne medverke til det heilskaplege og langsiktige i offentleg forskingsfinansiering. Dette er ei viktig utfordring framover.

### **Forskningsrådets budsjett voks med 6,5 prosent**

Rekneskapa for 2008 viser at Forskningsrådet fordelte 5,8 milliardar kroner. Ser ein bort frå forvaltningsverksemda, var det ein vekst i FoU-midlar på 345 millionar kroner eller 6,5 prosent i høve til 2007. Forskningsrådets del av den samla veksten i tilskota til FoU over statsbudsjettet var i 2008 på om lag 19 prosent, noko som var ein nedgang samanlikna med 2007, da delen var 28 prosent. Som eit resultat av Stortingets klimaforlik vart det over revidert nasjonalbudsjett gitt 70 millionar kroner til forskning på fornybar energi, med lovnad om enda 230 millionar i 2009.

Dei samla inntektene til Forskningsrådet i 2008 var 6,0 milliardar kroner. Av dette utgjorde tilskot frå departementa 5,8 milliardar, mens utbytet frå Forskningsfondet utgjorde 942 millionar kroner. Dei samla driftskostnadene (forskingsmidlar og administrative kostnader), var på 6,4 milliardar kroner. Årsresultatet for 2008 var på 364 millionar kroner med rekna forskingsforpliktingar og administrative forpliktingar.

Hovudstyret sette i 2007 eit mål om at overføringane til 2009 ikkje skulle utgjere meir enn 15 prosent av disponibelt budsjett. Gjennom omfattande tiltak, herunder langsiktig programbudsjettering og realistisk prosjektbudsjettering, er dei rekneskapsmessige overføringane frå 2008 redusert til 980 millionar kroner. Dette inneber at måla til styret er oppnådde. Forskningsrådet vil halde fram arbeidet med å redusere overføringane.

Forskningsrådet har i 2008 behandla 4715 søknader, med ein samla søknadssum på 23,6 milliardar kroner. Per 1. mai 2009 er 95 prosent av alle søknader som vart mottekne i 2008, ferdigbehandla. Det er gitt tilskot til 2043 søknader. Programma mottok ca. 1980 søknader på til saman 10,8 milliardar kroner. 47 prosent var innanfor matematikk, naturvitskap og teknologi. 37 prosent av søknadene kom frå UoH-sektoren, 39 prosent prosent frå instituttsektoren og 19 prosent frå næringslivet. Ca. 33 prosent vart godkjende.

Til fri prosjektstøtte kom det 954 søknader. Samla vart det søkt om 5,3 milliardar kroner. Søknadene fordelte seg slik: 3 prosent teknologi, 17 prosent samfunnsvitskap, 18 prosent humaniora, 31 prosent matematikk og naturvitskap og 31 prosent medisinske fag. 80 prosent av søknadene kom frå UoH-sektoren og 13 prosent frå instituttsektoren. 14 prosent av søknadene til fri prosjektstøtte vart godkjende.

### **Nye senter for miljøvennleg energi**

Forskningsrådet forsterkar si strategiske og strukturerande rolle i utviklinga av forskingssystemet. Etableringa av Senter for framifrå forskning (SFF) og senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) er også med på å endre det norske forskingslandskapet. Den nye finansieringsordninga for infrastruktur har eit tilsvarande potensial for utvikling av arbeidsdeling og samarbeid i forskingssystemet. I tråd med ei slik strukturerande målsetjing var det eit viktig element i oppfølginga av auka midlar til fornybar energi å utlyse Forskningscenter for miljøvennleg energi (FME). Sentra blir etablerte innanfor ei årleg ramme på 125 millionar kroner. Føremålet med FME er å leggje til rette for langsiktig og strategisk samarbeid mellom forskarar, industri og andre brukarar med verdiskaping og klimaeffekt som siktemål. Det strategiske grunnlaget vart lagt i Energi21, nasjonal FoU-strategi for energisektoren og Klimaforliket. Åtte senter er sikra ei føreseieleg finansiering i åtte år.



### Viktige tiltak for grunnforskninga

I Vitskapsakademiets rapport "Evne til forskning", den såkalla Walløe-rapporten, peiker ein på at dei økonomiske rammevilkåra for universiteta kjennest av den einskilde professor som stadig meir pressa. Forskningsrådet møter dette problemet med fleire verkemiddel. Fondsavsetnaden som vart gjort i 2008 til investering og drift av forskingsinfrastruktur, er eit nytt og svært viktig tiltak for å etablere og drive tidsmessig infrastruktur. *Fri prosjektstøtte* skal gi dei beste forskarane gode rammevilkår, same kva tema og fagområde dei arbeider med. Storleiken på prosjekta innanfor dette verkemiddelet er auka både for å kunne gi ein strukturerande effekt i sektoren og for oftare å kunne medverke til fullfinansiering. Auka rammer til fri prosjektstøtte er ei hovudprioritering for 2010. Gjennom verkemiddelet *Yngre framifrå forskarar* (YFF) skal Forskningsrådet gi dei beste unge forskarane i landet gode og langsiktige tilskot for å kunne bygge sin forskarkarriere.

### Verkemiddel som styrkjer næringslivsforskninga

Forskningsrådet administrerer viktige ordningar som styrkjer næringsretta forskning, utvikling og innovasjon. *Brukarstyrt innovasjonsarena* (BIA) er ein open konkurransearena der konkurransen blir avgjort ut frå forskingsinnhald, innovasjonsgrad, samfunnsnytte og verdiskapingspotensial. Her har prosjekt som tidlegare ikkje har kunna søkje eit enkelt program, no fått ein plass i Forskningsrådet. Prosjekta er forankra i strategiar og behov i bedriftene, uavhengig av område eller tema.

BIA-prosjekta er kjenneteikna av høg innovasjonsgrad, stort verdiskapingspotensial og breie konsortiar med samarbeid langs verdikjeder eller på tvers av bransjar. Prosjekta grupperer seg rundt næringspolitisk viktige tema som miljø og energi, helse og IKT. Næringslivet tek eit stort ansvar for forskarutdanning gjennom BIA-prosjekt. Sidan 2006 er det starta opp 212 nye prosjekt og i desse er det lagt opp til 160 doktorgrads- og postdoktorarbeid. Innanfor ramma av BIA er ordninga med nærings-PhD iverksett. Den blir skild ut som eiga, frittstående ordning i 2009.

### Forskningsrådet satsa sterkt på Polaråret

*Det internasjonale polaråret* (IPY) starta i mars 2007 og varte gjennom heile 2008. Forskningsrådet har hatt sekretariatet for koordineringa av den norske deltakinga. IPY er eit forskingsprogram i regi av Verdas vitskapelege union (ICSU) og Verdas meteorologiske organisasjon (WMO). Forskarar frå meir enn 60 land har teke del i programmet, som vart avslutta i mars 2009. Polaråret er unikt når det gjeld omfanget av internasjonalt samarbeid og gjennom den enorme datamengda som er samla inn. Gjennom koordinert innsats er det oppnådd mykje meir enn dei nasjonale budsjettaukene til polarforskning skulle tilseie.



Herbjørn Presthus Hegggen

Hovudstyret gjennomførte i september ei studiereise til Svalbard, og besøkte UNIS i Longyearbyen og forskingsstasjonar i Ny-Ålesund. Studiereisen gav interessante og nyttige perspektiv med omsyn til utviklinga av Svalbard som internasjonal forskingsplattform, arbeidet med policy for norsk polarforskning, satsinga på nordområda og gjennomføringa av IPY.

### Likestilling er avgjerande for betre rekruttering

I tråd med Forskningsrådets policy for likestilling og kjønnsperspektiv i forskning vart det i 2008 gjort ei kartlegging av erfaringane med å integrere likestillingsomsyn i utlysning og tildeling av YFF, SFF og SFI (for perioden 2001–06). I andre utlysingsrunde av SFF og YFF vart det teke likestillingsomsyn, og kvinnedelen auka monaleg. Det gir grunn til håp om jamnare rekruttering til toppstillingar innanfor fagområda i sentra. Framleis er fråfall av kvinner fram mot leiande posisjonar ei utfordring. God forskingsleiing er ein nøkkelfaktor for å møte utfordringa. I ein oppdatert handlingsplan vil Forskningsrådet fremje fleire tiltak for likestilling i året som kjem.

### Utfordringar

Internasjonalt samarbeid vil bli ei gjennomgåande satsing og ein integrert del av Forskningsrådets samla FoU-portefølje, og Rådets rolle som strategisk rådgivar i internasjonale fora vil auke. Å lykkast i det internasjonale samarbeidet vil dermed også bli viktigare for Forskningsrådets eiga måloppnåing.

EU vil bli den sterkaste drivkrafta i dette, gjennom vidareutviklinga av ERA både i og utanfor EUs 7. rammeprogram. Forskningsrådet følgjer utviklinga av dei nye strategiske initiativa som kom i 2008. Dette gjeld mellom anna utvikling av vilkår for forskarkarriere og mobilitet, ny praksis for kunnskapsoverføring, samarbeid med land utanfor Europa og forslag til nytt regime for europeisk programsamarbeid. Utanom rammeprogrammet er det ei klar utvikling i retning av fleire mindre finansieringsordningar som kan synast vel-eigna for Noreg.



Budsjetta for rammeprogramma og nye former for partnerskap vil bli innretta for å utløyse ein aukande del av nasjonale midlar, og for å auke dei samla investeringane i FoU. Samarbeidsavtalar med land utanfor Europa vil kunne etablerast både bilateralt og med basis i det europeiske samarbeidet.

Ein kan sjå tendensar til at internasjonalt forskingssamarbeid i større grad vil takast vare på gjennom forhandlingar mellom regjeringar og forskingsfinansierande organisasjonar, der ein inngår avtalar med gjensidig forpliktande ressursinnsats. Det vil krevje større medvit om delinga mellom nasjonale satsingar og internasjonale satsingar. I utviklinga av samarbeidsrelasjonar må styresmaktene medvite leggje til rette for at norske forskarar søkjer seg mot partnerane som held høg vitenskapleg kvalitet.

### **Samfunnsutfordringane er også internasjonale**

